



2 JUN 2014

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.: Dato:
120/14/650/øbj/hie/åkv 30.mai 2014

SØKNAD OM MIDLAR TIL AUKA GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Odda Vidaregåande skule søker hermed om midlar til å styrke tilbodet med studieverkstad ved skulen. Me ynskjer å få på plass ei god ordning omkring elevar som har lågt eller manglande karaktergrunnlag frå ungdomsskulen, og på den måten bidra aktivt til at dei kan klare å fullføre vidaregåande opplæring. Me har dei siste åra opparbeida ein del erfaring med studieverkstadtilbod og NyGiv-metodikk. Me har prøvd ulike modellar og ulike tiltak, og ynskjer no å gå vidare og forsterka ein av desse modellane.

Målet er å auke fullføringa og minke strykprosenten og fråfallet. Me ynskjer å få elevane meir skulemotiverte, gjera dei meir trygge og få dei gjennom skulen med ståkarakter. I tillegg vil me skape gode rammer og rutinar kring organiseringa og gjennomføringa av studieverkstad.

Hovudmål:

Minke omfanget av IV og karakteren 1.
Minke antall sluttarar.

Kunnskapsmål:

Auka relasjonskompetanse
Styrka klasseteam med fokus på læringsmiljø og tilpassa undervisning
Gje alle elevane kjensle av meistring

Haldningsmål:

Få elevane til å ta meir ansvar for eiga læring
Få elevane meir læringsmotiverte
Lærarane skal vera gode rollemodellar

Handlingsmål:

Gjennomføra kartleggingsprøvar så tidleg som mogeleg ved skulestart.
Følgja opp elevar med svake karakterar frå ungdomsskulen.
Organisera tilbod om studieverkstad over 2 periodar i skuleåret.

Målekriterier:

Kartleggingsprøvane ved skulestart og karakterane frå ungdomsskulen.
Terminkarakterar etter 1.termin og etter 2.termin, samt standpunkt og eksamenskarakterar.

Målgruppe og omfang

Målgruppa er elevar med svakt karaktergrunnlag. Dette gjeld elevar som jaktar på 2-aren.

Me vil byrje med å tilby studieverkstad i matematikk og språk, men dette må tilpassast elevgrunnlaget. Kor mange elevar det vil dreie seg om, varierer frå år til år. Dei siste åra har mellom 30 og 40 elevar som har fått tilbod om studieverkstad.

Studieverkstaden vil vere i 2 periodar; ein om hausten, oktober – desember (10 veker), der ein fangar opp dei som bør få eit betre startgrunnlag. Og ein om våren, mars-mai (10 veker), der ein arbeidar ekstra opp mot ein evt eksamen-/standpunktakarakter.

Til å organisere og følgje opp har me sett saman ei arbeidsgruppe, som består av: Ressursteamet ved skulen, avdelingsleiar ved studiespesialiserande, lærarar med kurs i Ny Giv-metodikk. Denne gruppa har desse milepælane:

Ved oppstart; Organisering ved evt tildeling av midlar

Før haustferien: Statusmøte etter kartleggingsprøvane

Etter terminoppgjer i januar: Status 1-arar og IV

Ved slutten av skuleåret: Status 1-arar og IV etter karaktersetting, oppsummering av studieverkstaden.

Plan for gjennomføring:

- a. Vurdera karakterane frå ungdomsskulen
- b. Kartleggingsprøvane heilt tidleg i skuleåret
- c. Elevane, i samråd med faglærar, søker om plass på studieverkstad. Der dei får tilrettelegging individuelt eller i små grupper etter behov. Dette gjeld i fyrste rekke «jakta på 2-aren».
- d. Kontinuerleg oppfølging av svake elevar, samt utifrå resultata i 1.termin.

Økonomi

Kostnader:

Lærar på studieverkstaden 10 timer pr veke, 20 veker: 100 000,00

Koordinator studieverkstaden 2 t pr veke, 20 veker: 20 000,00

Administrative utgifter: 12 000,00

Overtidskostnader/ettermiddagstillegg 50 000,00

Sum 182 000,00

Finansiering:

Odda Vgs 50% 91 000,00

Hordaland Fylkeskommune/Kunnskapsdept 50% 91 000,00

Sum 182 000,00


Øyvind Bjørkevoll
rektor


Hildegunn Espe
elevinspektør